

## Bukkejakt sør Frankrike

Området for bukkejakta ligg nord om Toulouse, her er det eit rullande landskap med mykje eng, beitemarker, frukthagar, og drueplantasjar. Eit fantastisk område å gå på smygjakt i. Revira er godt forvalta, og avskytinga er selektiv. Bestandsmålet er på 10 rådyr per 100 hektar. Over 100 bukkar fellast årleg på desse revira, snittvekt på 350 gram netto, 20 % av bukkane er over 450 gram netto. Vi garanterer ikkje medaljebukkar, men ein blanding av fine gamle bukkar og enkelte medaljebukkar.

Plass til 1-4 jegerar på same tid. Min samarbeidspartnar er alltid med som den eine av guidane, han fungerer og som tolk. Sesongen er frå 1. juni og ut august. Beste tida er dei første dagane i juni og i brunsten som er frå 25. juli til 10. august. Vil absolutt anbefale å jakte i brunsten, då blir dei største bukkane felt.

Ein flyr til Toulouse, der min samarbeidspartnar møter deg/dykk. Derifrå er det ein kortare køyretur. Det er problemfritt å ta med eige våpen, men er mogleg å leige rifle om du ynskjer dette.

### Kost og losji

Det er mange alternativ å velje mellom, hotell med heilpensjon, hytte med heilpensjon, hytte med sjølvkost. Avtalast etter dine ønsker.

### Prisoversikt:

- 1 guide til 1 jeger – 145 euro per økt (ei økt varar 2,5-3timar)
- 1 guide til 2 jegerar – 180 euro per økt delt på 2 jegerar(ei økt varar 2,5-3timar)
- Fransk jaktlisens og forsikring opptil 3 jaktdagar – 100 euro
- Fransk jaktlisens og forsikring opptil 9 jaktdagar – 200 euro
- Troféavgift – 390 euro per bukk uansett storleik
- Kost og losji – pris på førespurnad
- Transport Toulouse revir tur/retur – 250 euro per bil
- Leige av våpen – 50 euro per dag
- Ammunisjon – 5 euro per patron
- Tips
- Flåing og preparering av trofé(skalle) – 50 euro per bukk
- Sendinga av trofé til Noreg – ca 100 euro per pakke med plass til ca 5 bukkar
- Skuldermontasje og sending til Noreg – 650 euro
- Skadeskyting – 350 euro

